



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) 12.03.25 Digitalt

Tilstades representantar

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Alexander Nitter
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Isak Bayati
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Emma Saathof
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Hedda Halstensgård
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Eivind Bu
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Anders Myklatun Hole
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Håkon Skjoldli

Ikkje tilstades representantar

Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Najma Abdi Jama
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Øyunn Finne Marø

Kontaktpersonar

Eidfjord kommune	Timo Knoch Ordførar og Rådsordførar i Hardanger
Ulvik herad	Tor Schei Hellesnes
Voss herad	Eivind Lorentsen Djønne
Hardangerrådet iks	Ann Irene Myrheim, dagleg leiar
	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 06/25

Konstituering

Vedtak:

Alexander Nitter, Kvam ungdomsråd er vald leiar for Hardanger og Voss Ungdomsråd i 2025
Håkon Skjoldli, Voss herad er vald nestleiar for Hardanger og Voss Ungdomsråd i 2025

HU-sak 07/25

Opplæringskonferansen 2025 i Kvam

Svein Olav Langåker deltok digitalt i møtet vårt for å førebu debattkurset.

Me skal ha eit mål om resultat frå debattkurset, ei sak me kan arbeida vidare med.

Spør andre ungdommar kva dei ønskjer å ta opp.

Fordeling av oppgåver:

1. Møteleiar : Alexander Nitter, leiar Hardanger og Voss ungdomsråd
2. Teknikkar: Hallvard Valland Norheim
3. Bli kjent leikar: Håkon Skjoldli og Isak Bayati
4. Kulturelt innslag/inspirasjon: Alexander og Håvard tek ansvar
5. Invitera politikarar til å koma og delta i paneldebatt: Alle har ansvar for å få med frå eigen kommune, og Voss kontaktar stortingspolitikar Linda Merkesdal.
6. Paneldebattar: Ser føre oss to panelsamtalar
 - a. Ungdomane debatterar fyrst
 - b. Panelsamtale med politikarar, leia av to ungdommer etterpå.
7. Trude: Sender ut invitasjon/innkalling til rådsmedlemmane, som så vidareseier og inviterar sine. Frist for å melde tilbake er 21.03.2025

Forslag til temaer å debattera på konferansen.

Kvam: Fråværgrens for skulen og lekse i skulen

Ulvik: Tilrettelegging på fritid

Ullensvang: Framtidsutsikter - kva samfunn ønskjer me oss og korleis kjem dette til å sjå ut.

Timo: Beredskap, tryggleik og forsvar skal prioriterast framover - kva kan nedprioriterast?

Dei ungdområda som skal ha møter no snart, sender inn tema etter dei.

HU-sak 08/25

Nytt frå Ungdomsarbeid i KS

Til inspirasjon og tankevekkar for framtidig arbeid.

HU-sak 09/25

Nytt frå kvart ungdomsråd

Eidfjord:

Årleg tur til Myrkdalen for alle ungdomane i bygda vel gjennomført.

Dei deltok på møte og synfaring i dag med VLFK om "nyskapande" aktivitetsanlegg: mål å laga infrastruktur som inviterar til aktivitet.

Skal skriva visjon for arbeidet dei vil gjennomføra, og peikar på området rundt skule/ barnehage/idrett. Skal uansett ha ny områdeplan, og syr no alt saman, som feks at skulen også skal oppgraderast osv. Dette vert orientert om i ungdomsrådet i morgon.

Kvam:

Arbeider med sak om lekser, og ser på endringar om leksene i kommunen.

I helga var dei på fylkestinget for ungdom.

Har debattert og skreve uttale om "Nedlegging av Tørvikbygds skule"

Ullensvang:

Ikkje hatt møtte sidan sist

Ulvik:

Skal ha ungdområdsmøte på mandag.

No skriv dei lesarinnlegg for å verta høyrde og vera meir synlege. Viktige saker er BUA og kunstgrasbane.

Voss:

Arbeidd med årshjul og kva dei vil arbeida med framover.

HU-sak 10/25

Orienteringssaker/Ymse

Spørsmål: Har Kvam arbeidd med uttale som kan sendast inn på vegne av Kvam og Hardanger, jmf sist møtebok?

SVAR: Dei arbeider med uttalen, og vil senda den over når ferdig. Dei håpte også at Fylkestinget for ungdom i Vestland ville støtta uttalen, men fekk ikkje det gjennom.

Dvs Kvam og Hardanger må sjølv kontakta stat og fylke for endring vedrørende fråvær i vgs

Hardanger og Voss ungdomsråd ber Kvam å dela forskrifta med alle ungdomsråda.

Kvam svarar at alle skal få den tilsendt, når den er klar.

Kinsarvik 12.03.25

Referat v/ Trude Rinaldo